



STORTINGET

Stortingets administrasjon skal gjennom sine støtte- og servicefunksjonar leggje til rette for at stortingsrepresentantane kan konsentrere seg om det politiske vervet dei er valde til, og at Stortinget og deira organ kan ivareta sine funksjonar på ein effektiv måte.

Stortingsbiblioteket har fysiske og digitale samlingar innanfor samfunnsfag, historie og juss. Hovudfunksjonen er å skaffe informasjon til Stortingets arbeid ved å hente inn, leggje til rette og formidle kunnskap til stortingsrepresentantane og rådgivarane.

Rådgivar - biblioteket

I stortingsbiblioteket er det frå 1. oktober 2013 ledig stilling som rådgivar.

I stillinga skal du:

- vere bibliotekets innhaldsleverandør i Stortingets intranett
- ha ansvar for fagområde i EU/EØS-informasjonsarbeid
- delta i utvikling av nyheitstenestene
- delta i vaktordningane i biblioteket
- delta i bibliotekets andre oppgaver

For stillinga blir det kravd fullført høgare utdanning, helst bibliotekfagleg. Stillinga føreset vidare:

- digital kompetanse
- kjelde- og søkekompetanse
- evne til å trekkje ut og samanfatte informasjon frå store informasjonsmengder
- formidlings- og kommunikasjonsevner, både munnleg, skriftleg og digitalt
- statsvitskapleg/politisk kunnskap og forståing for Stortingets rolle

Vi søker ein serviceinnstilt og strukturert person som er initiativrik, utviklings- og løysingsorientert, med interesse for tekniske og brukarvenlege bibliotektenester. Du trivst med å arbeide i team og har evne til å skape gode relasjonar.

Vi kan tilby ein unik arbeidsplass i Noregs politiske sentrum. Stillinga inneheld spennande arbeidsoppgåver i eit fagbibliotek i endring.

Stillinga blir lønna som rådgivar i lønnstrinn 52-62, kr. 434 800 - 518 200 per år, avhengig av kvalifikasjonar. Frå lønna blir det trekt 2 % til innskot i Statens pensjonskasse. Ei prøvetid på 6 månader gjeld for stillinga.

Vi er ei IA-verksemd og vil leggje arbeidsforholda til rette ved behov. Etter offentleglova kan opplysningar om ein søkjar bli offentleggjort sjølv om søkjaren har reservert seg.

Spørsmål om stillinga kan rettast til fungerande seksjonsleiar Håvard Tvedte, tlf.: 23 31 36 94.

Søknad og CV skal helst sendast elektronisk via denne sida «Søk på stillingen» innan 1.september 2013. Før søknadsfristen går ut kan attestar og vitnemål eventuelt ettersendast med post til Stortingets personalseksjon, 0026 Oslo. Attestar og vitnemål blir ikkje returnert.

Jobbnorge-ID: 95156, Søknadsfrist: Avsluttet